

Kulturhistorisk stadanalyse

Oppdragsgivar
Oppdrag
Rapport type
Prosjektnr.
Dato

Eid kommune
Eidsgata /Tverrgata – forenkla kulturhistorisk stadanalyse
Forarbeid detaljreguleringsplan - Kulturminnefagleg rapport
11048
09.04.2012



Eid kommune | Tverrgata - Forenkla kulturhistorisk stadanalyse

Innhald:	side
1 Innleiing	3
1.1 Prosjektoppdrag	3
2 Kulturhistorie Nordfjordeid	4
2.1 Natur- og landskap	4
2.2 Førhistoria	4
2.2.1 Steinalderen i Sogn og Fjordane	4
2.2.2 Folkevandingstid (400-570 e.Kr.)	5
2.2.3 Vikingtid (800-1000 e.Kr.)	5
2.2.4 Gulatinget, konge- og kyrkjemakt	6
2.2.5 Stårheimætta og borgarkrigstida (1100-1200 e.Kr.)	6
2.2.6 Audun Hugleiksson og «Nordfjordgodset» (1200-1300 e.Kr.)	6
2.2.7 Svartedauden (1349 e.Kr.)	6
2.3 Byggeskikk på Vestlandet	7
2.3.1 Grindverk og lafteteknikk	7
2.3.2 Tunskipnad	7
2.3.3 Våningshusa	7
2.3.4 Utmark og stølsdrift	7
2.3.5 Kyrkjene	7
2.4 Nordfjordeid – etter reformasjonen	8
2.4.1 Klyngetunet på Myklebust	8
2.4.2 Gjestgjevar- og handelstad	9
2.4.3 Nordfjordeid ekserserplass	9
2.4.4 Strandsitjarstaden på Nordfjordeid	9
2.4.5 Tverrgata	10
3 Kvalitetar i det historiske landskapet	11
4 Kvalitetar i bygningsmiljøet	11
4.1 By- og tettstadsforming	12
4.2 Utvikling og styrking av tettstadskvalitetane	12
4.3 Truslar og handlingsrom for bevaring av tettstadskvalitetane	12
4.4 Bruk og vern av verneverdig bygningsmiljø	13
4.4.1 Verneverdiar	13
4.4.2 Dokumentasjon	13
4.4.3 Restaurering eller modernisering	13
4.5 Vernestrategi	14
4.5.1 Tilpassing til det historiske bygningsmiljøet	14
4.5.2 Vern og bruk	15
4.5.3 Tilpassa byggeskikk	15
4.5.4 Forsterke opplevinga	16
4.5.5 Kvalitet i detaljane	16
4.6 Kjelder og litteratur	17
4.7 Vedlegg – SEFRAK-registreringar	18




Frå Eidsgata, «Stadanalyse Nordfjordeid», illustrasjon Karen Monet.

1 Innleiing

1.1 Prosjektoppdrag

Nordplan AS er engasjert av Eid kommune til å utarbeide detaljreguleringsplan for området Tverrgata, Sagastad og spesialområde aust for E39. Sentralt for dette planarbeidet er vurdering av kulturminnevernet og om område avsett til offentlig føremål A1 Sagastad framleis skal ligg inne i denne planen. Dette heftet er ein fagrapport – forenkla kulturhistorisk stadanalyse - som skal nyttast som vurderingsgrunnlag for planarbeidet. Fagrapporten er ei kartlegging av den historiske utviklinga og ei vurdering av dei kulturhistoriske verdiane og kvalitetane, med tilrådingar av bevaring og vidare utvikling.



Planområde for Detaljreguleringsplan

Eit viktig grunnlagsdokument for vurderingane er «Stadanalyse Nordfjordeid», Nordplan 1996. Denne analysen tek føre seg heile landskapsrommet, men med hovudfokus på sentrumsutvikling.

Eid kommune gjorde i 2010 vedtak om å etablere eit Fagråd for Eidsgata og Tverrgata. Fagrådet skal vere eit uavhengig, rådgjevande organ som skal komme med faglege råd og innspel i samband med plan- og byggesaker i området. Fagrådet skal vere samansett av 2 medlemmer oppnemnd av bebuarane i Eidsgata og Tverrgata, 1 handverkar og 1 arkitekt oppnemnd av Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga. Medlemmane i fagrådet var på plass i juli 2011. Fagrådet vil vere ein viktig samarbeidspart i arbeidet med stadanalysen og planarbeidet.

Forenkla kulturhistorisk stadanalyse:

- FASE 1 - Innhenting av grunnlagsmateriale
- FASE 2 – Supplerande kartlegging, fotodokumentasjon
- FASE 3 – Skildring av området: kultur- og naturhistorie, bygningshistorie, byggeskikk
- FASE 4 – Kvalitetar i bygningsstruktur og landskap
- Strategi for bevaring og utvikling

2 Kulturhistorie Nordfjordeid


2.1 Natur- og landskap

Natur og landskap dannar viktige grunnverdiane for livsgrunnlag og utvikling av ein stad. Nordfjordeid ligg i møtet mellom fjord, ein frodig dalbotn og med nær tilgang til skog og høgfjell. Gode naturressursar og tilknytning til sjøvegen har vore eit viktig utgangspunkt for busetnad på Nordfjordeid.

Klimatisk ligg Nordfjorden med Eidsfjorden i rett aust-vestleg retning inn mot Nordfjordeid og vidare oppover Eidsdalen og mot Hornindalsvatnet. Dette gjev sterke vindretningar frå vest og aust, med eit lokalt fjordklima med mykje regn og skodde.



Nordfjordeid i fjordlandskapet: Fylkesatlas, Norge i bilder




Landskapsrommet på Nordfjordeid: Stadanalyse Nordfjordeid (Nordplan 1996)

2.2 Førhistoria

Nordfjordeid har ei rik kulturhistorie og kunnskapen om denne historia er ein viktig identitetsfaktor. Verdien av det vi har i dag må sjåast i samanheng med den historiske utviklinga. Trehusbebyggelsen er frå vår nære fortid, medan gravhaugane vitnar om tidlegare busetnad over tusen år tilbake. Nye funn i samband med arkeologiske undersøkingar for nye byggetiltak i seinare tid, vitnar om stor aktivitet og lag på lag med spor frå førhistoria.

TIDSTAVLE	
ELDRE STEINALDER	9500 - 4000 f. Kr.
YNGRE STEINALDER	4000 - 1700 f. Kr.
BRONSEALDER	1700 - 500 f.Kr.
JERNALDER	500 f.Kr - 1000 e.Kr.
Førromersk jernalder	500 f .Kr. - år 0
Romersk jernalder	år 0 - 400 e.Kr.
Folkevandringstid	400 - 570 e.Kr.
Merovingertid	570 - 800 e.Kr.
Vikingtid	800 - 1000 e.Kr.
MELLOMALDER	1000 - 1537 e.Kr.



Fylkesatlas Sogn og Fjordane: Oversikt re gistrerte automatisk freda kulturminne i sentrum av Nordfjordeid.

2.2.1 Steinalderen i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane er steinalderen i all hovudsak eit kystfenomen. Områda kring Skatestraumen i Bremanger og Florelandet er gode døme på ressursrike områder frå denne perioden, med talrike fangst og buplassar. På fjellet mellom Aust- og Vestlandet er det funne fangstbuplassar frå same tidsrommet, men inne i fjordbotnane i fylket er det gjort få funn av spor etter busetnad frå steinalderen. Ein kjenner til einskilde spreidde funn slik som økser, piler og stykke av flint, samt dyrkingshorisontar som prov på at folk i steinalderen har vore i dei indre fjordstroka. Buplassane til desse menneska har ein likevel ikkje klart å lokalisere før no nyleg.

I samband med arkeologisk registrering på garden Bø i Stryn, vart det gjort funn av kolhaldelege jordlag som representerer restane etter buplassane til steinaldermenneska. I desse laga vart det gjort funn av reiskap og våpen av stein. Funnmaterialet inneheld eit større spekter av stein; slik som flint, bergkrystall,

kvarts og skifer. Dette er spesielt karakteristisk for den yngre delen av steinalderen (4000 – 1800 f.Kr), då det her til lands var lite flint, og difor tok ein i bruk lokale steinartar til produksjon av våpen og reiskap. Blant funna er ei pil i skifer, nytta i jakt. Dette er eit sjeldan funn. Ei flott skrape av flint vitnar om reingjering av skinn for bruk til klede og telt.



Funnmateriale frå garden Bø, Stryn. Foto: GB/Fylkeskommunen Sogn og Fjordane

2.2.2 Folkevandingstid (400-570 e.Kr.)

Denne perioden var ein uroleg tidsbolk i Europa, noko som også påverka busetnaden i Norge. Frå denne tida har ein funn av bygdeborger, som viser at eit organisert samfunn var budd på å forsvare seg. Lokale hovdingar rådde truleg over kvar sine landområde, truleg organisert som store slektsgardar for storfamilien, med tenarar og træljar. Store gravhaugar vart brukt som eit teikn på maktsentra. I Luster i Sogn er det ei overvekt av mannsgraver blant dei største gravhaugene frå denne perioden, noko som kan tyde på ei uroleg tid med mange krigar. To av gravhaugane som ligg i Luster er av dei to største gravhaugane i Sogn og Fjordane frå denne tidsperioden. Dette er ein periode kor ein elles har få gravminner. På Nordfjordeid er det funne busetningsspor (Golvseengane) og ei hellekiste på Stokkenes, Gbnr. 48/3, datert til folkevandringstid.

I løpet av dei siste tiåra på 500-tallet vert store delar av landet avfolka, truleg grunna pestane som ramma Europa frå 541 til 767. Pestane var truleg av same art som pestane som ramma landet frå 1349 og utover til 1600-talet.

2.2.3 Vikingtid (800-1000 e.Kr.)

Frå slutten av 700-talet tek folkeveksten seg kraftig opp igjen. Storfamiliestrukturen gjekk i oppløysing og mange av dei store opphavsgardane vart delte opp i fleire sjølvstendige gardar for mindre huslydar. Omkring år 1000, kan ein rekne med at dei fleste av dei gardene ein kjenner i dag kan ha vore bebygde, noko både stadnamn, hustuffer og gravfunn vitnar om. Mange gardar med eit personnamn i førsteleddet har truleg sitt opphav frå denne perioden.

Gravene på Myklebust, Nordfjordeid, spanner truleg over eit tidsrom som svarar til heile vikingtida. Dei arkeologiske utgravingane synte at vikinggravene var særst rikt utstyrt og ein tolkar difor at dette har tilhøyrt ei framtrudande hovdingætt i Firdafylke.





Gravhaugane til vikingættene på Myklebust, sett frå vest. Foto: GMS

Gravhaugen på terrasseflata, «Rundehågjen» vart utgraven og restaurert i 1874. Gravhaugen er ein klart markert, graskledd rundhaug. Haugen har opprinneleg hatt grøft rundt foten med to jordbruer. Her var tidlegare ei heil samling av gravhaugar på flata, men desse er teke vekk før arkeologar fekk undersøkt dei. Gravhaugen er datert til siste halvdel av 800-talet og inneheldt ei skipsgrav, der skipet hadde same storleik som Gokstadskipet. I følgje sagaen til Snorre Sturlason var det Harald Hårfagre som drepte vikingkongen på Myklebust, i prosessen med å samle Noreg til eitt rike.



Bronsekjele; «Rundehågjen»
Fylkesleksikon, Foto Arild Nybø

Gravhaugen på terrassekanten på andre sida av europavegen; «Skjorattippen» vart undersøkt i 1902-03. Gravhaugen inneheld tilsaman seks graver, både mann- og kvinnegraver. Her finn ein og restar etter brente skip. Gravene er datert frå midten av 700- til midten av 900-talet. Vidare bortover terrassenkanten kan ein skimte konturane av andre gravhaugar, desse ligg no inne i hagane til bustadane som er bygd der i seinare tid.



Skisser av oldsaker, funn frå utgravingane av «Skjoratippen». Bergen Museum si årbok 1905

2.2.4 Gulatinget, konge- og kyrkjemakt

Etter at Harald Hårfagre hadde «samla Noreg» på slutten av 800-talet, var han avhengig av å kunne knyte til seg eit nettverk av lokale stormenn. Desse mennene vart etter kvart kalla lendmenn; menn med jordegods frå Kongen. Desse fekk militære og administrative oppgåver og utvikla eit eige godsaristokrati.

Firdafylke (Nordfjord og Sunnfjord) var ein eigen tingkrins under Gulatinget. Kvart tingfylke vart delt inn i fjordungar og desse igjen var delte inn i skipreider. Korkje fylkestinga eller fjordungstinga ser ut til å ha hatt så mykje å seia i praksis. Bygdetinga for kvar skipreide var viktigare. Alle fylka skulle stille store skip til leidangsflåten. Dette landvernet kunne både vere eit spontant landvern mot ein fiendehær som nærma seg lagdømet, eller kongeleg mobilisering av leidangen mot ein fiende som truga lenger borte frå. I Firdafylket og Sygnafylket er det spor etter ei reint kyrkjeleg fjordungsinndeling. I kvart fylke skulle det vere ei hovedkyrkje og vidare fjordungskyrkjer og andre soknekyrkjer, som bøndene i fylket hadde plikt til å halde. Fjordungskyrkjene fekk i mellomalderen rang som hovedkyrkje i Bergen bispedøme. Kyrkja på Nordfjordeid var ei av desse fjordungskyrkjene.

2.2.5 Stårheimætta og borgarkrigstida (1100-1200 e.Kr.)

Folket på Stårheim tok truleg over som den leiande hovdingætta i Nordfjord midt på 900-talet då det gjekk mot slutten for storfolket på Myklebust på Nordfjordeid. Arne på Stodrheim (fødd ca. 1100– d. e. 1162) var lendmann med stort jordegods. Han kalla seg Arne Kongsmaug fordi han var gudfar og næraste rådgjevar til barnekongen Magnus Erlingsson. Arne vart gift med ei svensk prinsesse, Ingerid. Ingerid fekk norsk dronningttittel då ho tidlegare var gift med kong Harald Gille (1103-1136). Dronning Ingerid og Arne på Stodrheim vart foreldre til tre søner og ei dotter. Eitt av borna var bisp Nikolas Arnesson. Nikolas vart leiar for baglarane som slost mot kong Sverre Sigurdsson i den blodige borgarkrigstida. Nikolas Arnesson fekk seinare tilnamnet "Baglar-bispen". Om bisp Nikolas vart det sagt at han var ein av dei best utdanna geistlege i Norden på den tida.

2.2.6 Audun Hugleiksson og «Nordfjordgodset» (1200-1300 e.Kr.)

Ein av dei mektigaste adelsmennene i den norske mellomalderen var Audun Hugleiksson. Han hadde opphavet sitt frå Ålhus i Jølster og bygde ei borg der. Audun Hugleiksson var ein særskild lovskunnig mann og vart utnemnd til såkalla stallar, dvs. kongens ordførar på tinget. Ein stallar var samstundes hirdens talsmann overfor kongen. Truleg hadde den lovlærde Audun ei viktig rolle i all lovgeving under Magnus Lagabøte, som samordna dei mange landelslovene til ei felles landslov i 1274-1276. Audun Hugleiksson var og ein aktiv godseigar, og hovudtyngda av godset låg rundt Jølster og i Nordfjord, bl.a. Myklebust på Nordfjordeid. Jordegodset vart konfiskert då Audun Hugleiksson vart avretta i 1302. Store delar av «Nordfjordgodset» vart gjeve til Otte Rømer i 1361, men delar av det vart og skilt ut til kyrkjer og kloster, bl.a. Apostelkyrkja.

2.2.7 Svartedauden (1349 e.Kr.)

Ein reknar med at «svartedauen» kom til Norge med skip til Bergen sommaren 1349. Denne pesten var svært smittsam og ein reknar med at 50-60% av befolkninga (som på denne tida var 350-500 000 innbyggjarar) døydde av sjukdommen dette året. Dødstala var like høg blant småkårsfolk som blant adelen og kyrkja sine menn vart særskilt hardt råka. Utbrot av pest held fram heilt ut til 1600-talet, så dette var ein periode med sterk tilbakegang for folkeveksten og det tok lang tid før folketalet tok seg opp igjen. Etter svartedauen vart det mykje ledig jord og både leiglendingar og arbeidsfolk fekk no lett tak i eiga jord. Storbøndene måtte no klare seg sjølv, og jordeigarane fekk ein dramatisk nedgang i inntektene. Både kyrkje og stat fekk sterkt reduserte inntekter og statsmakta vart såleis sterkt svekka. Dei mest avsideliggande gardane vart liggande øyde i fleire hundre år, av dette oppstod namnet «Øydegard».

då ho brann ned. Tre år seinare, i 1691, vart det bygd ei ny krosskyrkje på branntufta. Denne stod til 1849 då ho vart riven for å gje plass til dagens kyrkje.

Arkitekt for kyrkja var handelsmannen Claus Wiese frå Eid. Då kyrkja stod ferdig hadde ho sitjeplassar til heile 900 personar, men etter ominnreiingar er det no plass til 750. Kyrkja har takryttar midt over skipet. Innvendig vart kyrkja dekorert med utskjeringar og dekormåling under leing av Lars Kinsarvik i 1915.[1]




Nordfjordeid kyrkje, 1896 (Foto: Historisk galleri)

2.4 Nordfjordeid – etter reformasjonen

2.4.1 Klyngetunet på Myklebust

Rekke- og klyngetunet er typisk for Vestlandet og har sin bakgrunn frå sein vikingtid, der gardane vart oppdelt i generasjonar, med stadig utbygging av bygningsmassen i same tun. Denne bygningsstrukturen har gitt rammer for eit fellesskap der ein kunne samarbeide om oppgåver og aktivitetar, samstundes som ein fekk behalde mest mogeleg av jordbruksarealet. Denne utviklinga kuliminerer tidleg på 1800-talet, då det vert ein sterk auke i folketalet og press på matressursane. Utvandringa til Amerika tek til og store jordreformer fører med seg utskiftingar av jordbruksareala og mange nye gardar vert etablert der det før var nokre få klyngetun.

På Nordfjordeid har Myklebustgarden truleg vore hovedsete frå vikingtid og langt fram i tid. Frå 1660 til midt på 1800-talet var det presten Jens Bugge og hans ætt som eigde den store garden. Myklebust vart etter kvart delt opp i fleire bruk, slik at det ved det store jordskiftet i 1863 budde i alt åtte gardbrukarar i sjølve Myklebust-tunet. Sjølv om det vart frådelt enkelte nye gardsbruk, var framleis klyngetunet intakt.



Utsnitt av «Kart over Gaarden Myklebostad» 1863 (Jordskifteverkets kartarkiv). Klyngetunet øvst og Eidsgata/Tverrgata nedst.

Eit par steinkast unna hovudtunet hadde Bugge-folket ei tid budd sjølve i gardstunet som seinare er kjent som Jo-tunet. Frå 1702 til 1727 budde presten Thomas Friis i Jotunet og dreiv både handel og gjestgiveri der. Friis var gift inn i Bugge-familien og kjøpte Jo-bruket i 1721. Men året etter selde han det store herskaphuset i Jotunet som prestegard. Men Friis kom truleg i pengevanskar etter ei tid, for i 1727 bygsla han bort Jo-bruket, og den handelen som hørde med, til soldaten Aleksander Larsson Straume frå Volda. Sjølv flytta Thomas Friis til Rugsund og overtok det gamle kremmarleiet og gjestgiveriet der.



«Jo-tunet» ligg like aust for klyngetunet på Myklebut, 1900-talet. Fotograf: Isak Hellebust

2.4.2 Gjestgjevar- og handelstad

Bergen fekk ein slags bystatus allereie på 1000-talet og var kongens residensby og lenge ein av dei største byane i Norden. Sjølv om kongens residens etter kvart vart flytta til «Akersneset» i Oslo, fortsette Bergen å vekse som handelsby. Svartedauen i 1349-50 gjorde seg sterkt gjeldande i befolkningsgrunnlag og reduserte det vest-norske aristokratiet som hadde hatt hand om norsk utanrikshandel. Dei tyske «vintersittarane», Hanseatane, tok i stor grad over og styrte snart all handel, både Bryggen, nordlandshandelen og utanrikshandelen.

Langs vestlandskysten har det nok vore faste stoppestader langs leia der det har etablert seg gjestehus og noko handelsverksemd. Retten til å drive handelsverksemd har ettekvart blitt strengt regulert og ein måtte difor ha kongebrev for å drive handel. Handelstaden på Vågsberget utanfor Måløy er den eldste handelsstaden ein kjenner til i det gamle Stad Skipsreide – noverande Selje og Vågsøy kommune. Det var som regel handelsborgarar frå Bergen som fekk rettane til å drive handel.

Garden Gjerde, grannegarden Osnes og Langeland lengre aust hadde høyrte under storgarden Myklebust i mellomalderen. Gjerde grensar til Myklebustgarden i sør og omfattar den sørlege delen av dagens sentrum. I 1626 var garden Gjerde eigd av adelsmannen Gunde Lange, men han budde ikkje der. I 1638 startar den første handelsverksemda på Gjerde, då Jon Willumson løyser borgarbrev for å drive handel der. Willumson eigde ikkje sjølve Gjerde, men busette seg på nabobruket Osnes (seinare Eksersisplassen) Garden Gjerde vart kasteball mellom mange eigarar; adelege, fut, prest, amtmann og sorenskrivar, men stort sett var det nokon som dreiv handel der.

På slutten av 1700-talet tok Tollef Lem Ravn over Gjerde. Han var oppfostra hjå slektningen, sorenskrivar Lauritz Stub på Løkja. Han gifta seg seinare med sorenskrivardottera. Men det var slett ikkje nokon stasgard han kunne ta over på Gjerde: Husa var til nedfalls, men det vert fortalt at eit dugeleg sildekast i Eidsfjorden sette Tollef Lem Ravn i stand til å koste grundig vøling på garden: Kring 1790 fekk han byggmeister Ola Haugen til å byggje eit av dei staselegaste herskapshusa i Nordfjord på Gjerde. Haugen var same mannen som også bygde sorenskrivargarden på Løkja (Skrivargarden Leikvin) og prestebustaden på Vereide i Gloppen.

Claus Krohn Wiese overtok garden med tilhøyrande handel på auksjon i 1832. Han fekk også hand om nabogarden Osnes i 1833. Wiese kom frå ei fornem Bergens-slekt med opphav i Hannover i Tyskland. Han anla bl.a. ein engelsk hage framfor det store herskapshuset. Han bygde og den store «Wieseløa» og dreiv elles eit teglverk i Huldegrova langt aust på eignedomen, hadde jektebruk og dreiv eige brennevinsbrenneri. Også på garden sin på Osnes bygde han fleire hus, m.a. eit større bustadhus.



Yri's hotell sett frå Eidskata. Hovedbygningen til høgre, annekset til venstre. Foto Torbjørn Sefland

I 1844 måtte Claus Wiese selje Gjerde til Bergens-sjømannen Peder Schrøder Boalth (1818- 1882) for 5000 spesidalar. Boalth dreiv gardsbruket godt, og gjorde om den store hovudbygningen frå gjestegiveri til hotell. I 1909 kjøpte hotelleigaren Vilhelm Yri frå Olden «Boalth-garden» og flytta sjølv til Nordfjordeid for å drive garden med hotellet der. Det var hotell drift fram til 1970. Hovedbygningen på Gjerde «Yris hotell» er freda av Riksantikvaren.

2.4.3 Nordfjordeid ekserserplass

Ved kongeleg ordinans av 28. januar 1628 vart den norske hærmakta nyordna. Organisasjonen bygde på det legdssystemet i den gamle leidangsordninga, ei legd (geografisk område) skulle mønstra soldatar alt etter storleiken. Opplæring og øving av utskrivne soldatar gjekk lenge føre seg ved kyrkjene etter gudstenesta. Etter ei forordning av 28. februar 1705 skulle tre kompani samlast til 14 dagar bataljonsøving på Eid i juni månad kvart år. I 1828 fall rekruttøvingane ved kyrkjene bort, og no auka verksemda på Plassen.

På Nordfjordeid var det ekserserplass i fleire hundre år før han vart nedlagd i 1967 og området overteke av Eid kommune i 1972. Ein veit ikkje nøyaktig når han vart teken i bruk. Den eldste skriftlege kjelda frå 1680 eller 1682 nemner at "paa Eydet er det Bataillionsmunderingsplads."

I 1867 vart Fjordenes Bataljon i Bergenske infanteribrigade oppretta, og etter hærordninga av 1887 vart også to sunnmørske kompani trekte over til Nordfjordeid. Under rekruttøvingane kunne det vera 300 soldatar på ein gong, medan det under bataljonsøvingane kunne vera opp mot 1500. Åra fram mot århundreskiftet 1800/1900 vert rekna som ekserserplassen si velmaktstid. Under samlingane var det full aktivitet med marsjøvingar, stridsøvingar og skyteøvingar. Frå 1930 vart bataljonen innlemma i Infanteriregiment 10 og mykje av aktiviteten lagt til Voss. Etter 1945 var også ein del øvingar på den gamle ekserserplassen før avviklinga kom i 1967.



Infanteriregiment på Eid, tidleg 1900-talet. Foto Isak Hellebust (Fylkesarkivet).


2.4.4 Strandsitjarstaden på Nordfjordeid

Nordfjordeid har utan tvil vore ein sentral og aktiv stad, med handel- og gjestgjevarplass, ekserserplass og embetsmannsstad. Dette gav også grobott for ein veksande strandsitjarstad, som kunne tilby varer og tenester. Strandsitjarstaden vaks opp rett bak naustmiljøet – i ei gate konsentrert frå Gjerde og nord mot kyrkja.

2.4.5 Tverrgata

Av det gamle utskiftingskartet frå 1863 kan vi sjå at Tverrgata er gardsvegen frå sjøen og opp til Jo-garden. Frå Myklebust-tunet går det og ein gardsveg ned til sjøen, denne går på skrå gjennom Tverrgata. Frå Fargarelva går det veg forbi kyrkja og vidare langs stranda til eit samla naustmiljø og strandsitjarstad. Denne gata ; «Eidsgata», ser ut til å ligge på reinekanten over strandområdet. Strandsitjarane fekk bygsle tomter og framleis er enkelte bustadhus i sentrum festetomter.

Opplysningane som er omtala her er i stor grad henta frå SEFRAX-registreringane (landsomfattande registrering av bygningar bygd før år 1900), utført på Nordfjordeid i 1978. Fleire av bygningane som vart registrert i -78 er rivne. Det eldre bygningsmiljøet innanfor planområdet har blitt sett opp frå 1860-talet, nokre er bygd på byrjinga av 1900-talet. Mange er flytta frå Hornindal/ Hornindalsvatnet eller frå andre stadar i Eidsgata. Sidan mange av bygningane er flytta til staden, kan tømmerkjernen vere vesentleg eldre enn oppsett byggeår tilseier.



Dei som har budd i desse bygningane har både hatt bustad og arbeidsstaden sin i desse bygningane. Her har vore skreddar, pensjonat, fleire bakeri, manufakturbutikk, spinnebu, sjenkestove, skomaker, snekkar, smie, skysstasjon, fengselsrom og iglekone! I tillegg til eigen bustad har mange leigd ut rom til soldatar og andre.

Det er verdt å merke seg at det først var på 1950-talet at folk fekk innlagt vatn og vassklosett. Truleg har det vore vannpumper plassert i området for fleire brukarar. Uthusa er i hovudsak nytta til vedahus, vaskehus og utedo. På enkelte eigedomar har det vore smie/eldhus i uthuset, der ein har baka flatbrød og lefse. Utedo i bakgården var nok vanleg enda lenger, spesielt i bygårdane i byane. Fleire bygårdar i Oslo hadde utedo heilt ut på 1980-talet.



Bakgården og uthusa dannar fine uterom.



Bakgård med stort potensiale!



Bustad i Tverrgata, planlagt mellombygg under oppføring.. Foto: GMS



Tunet «Sommerro». Bustadhus for kaptein Wang ca. 1840.



Planar for fortetting og utvikling av tettstaden Nordfjordeid: Utsnitt av «Kroki over Nordfjordeid og Eidsbygda», teikna av premierløytnant Nils Ruud 1896, retta av Generalstabens topografiske avdeling 1924.

3 Kvalitetar i det historiske landskapet



«Rundehågjen» med Tverrgata/Eidsgata som bakteppe. Foto: GMS

Nordfjordeid sentrum har vore ei landbruksbygd over fleire tusen år, men har dei siste tiåra endra seg til ein tettstad med nedbygging av landbruksarealet. Kyrkja, klyngetunet på Myklebust og strandsitjarstaden mellom gardane Myklebust og Gjerde er bygningsstrukturar som er viktige som del av kulturlandskapet. Kulturminna med bygningsstrukturar, gravhaugar og kulturlandskap er ein viktig identitetsfaktor for Nordfjordeid sentrum. Den gamle strandlinja er borte grunna utfyllingar. Det er difor svært viktig å ta vare på landskapet som er att, som ei ramme som forsterkar og framhevar kulturminne og bygningsmiljø. Det grønne kulturlandskapet må vere eit aktivt og levande grøntområde, enten som aktiv dyrka mark eller som eit grønt parkområde. er viktig å halde ved like,.



Utsnitt av dagens kartgrunnlag med «Gaarden Myklebostad», Eid sentrum. Den gamle strandlinja er lagt på som illustrasjon på endringar av strandlinja. Gatenettet frå Myklebust-tunet – Jotunet – Tverrgata – Eidsgata har vore der frå gammalt av. I tillegg gjekk det veg frå Myklebust-tunet på skrå ned gjennom området for Tverrgata, som vart etablert som bygningsmiljø frå midten av 1800-talet.

Dei markerte bygningane er SEFRAK-registrerte bygningar, dvs. bygd før år 1900.

Illustrasjon: Nordplan

4 Kvalitetar i bygningsmiljøet



Bygningsmiljø i Eidsgata og Tverrgata med fine historiske bygningskvalitetar. Foto: GMS

Dei fleste eigedomane i Tverrgata har vore festetomter under garden Myklebust (GBNR. 44/1). Parsellane er relativ små, mange er omlag 250 m2. Hovudbygning (stovehus) er plassert heilt ut mot gata med eit uthus i bakgården. Denne bygningsstrukturen er svært karakteristisk for området. Bygningsstrukturen er historieforteljande og er med på å gje området denne heilt spesielle karakteren.

Mange av bygningane i Tverrgata er endra over tid for å tilpasse seg ny bruk og bygningane er både ombygd og påbygd. Likevel har området ein høg grad av autensitet, spesielt fordi bygningsstrukturen med bustad mot gata og gardsrom med uthus framleis er bevart. Spesielt uthusa er med på å styrke den historiske identiteten, ein bevart struktur som er i ferd med å bli sjeldan å sjå i mange av tettstadane og byane i Sogn og Fjordane.

Det er ingen tvil om at bevaring og godt vedlikehald av bygningar og gardsrom forsterkar kvaliteten, opplevinga og trivselen i eit bygningsmiljø.

4.1 By- og tettstadsforming

Byen som fenomen vert ofte beskrive som eit avgrensa område med høg bygningstettleik. Innanfor dette området har ein trafikkårer eller andre former for samanbindingar. Viktige knutepunkt eller midtpunkt vert ofte forsterka som landemerke eller møteplass. Landskap og terreng er viktige faktorar for korleis byen vert forma. Middelalderbyen vert ofte sett på som ein sjølvgrodd bystruktur, der gater og bygningar følgjer landskap og terrenglinjer. Dei eldste byane våre, strandsitjarstadane og fiskeværa er eksempel på at terreng og landskap forma bygningsstrukturane. Seinare vert tettstadane forma etter ulike byformingsprinsipp, ofte i meir stramme og regulerte former.

Som i andre byar og tettstadar er byforming ein kontinuerleg prosess. Eit overordna mål er å ta vare på dei viktigaste urbane kvalitetane eller landskapstrekk, samstundes som byen kan utvikle seg og tilpasse seg nye rammer og utfordringar. Karakteristiske trekk er ofte knytt til historiske element eller landemerke eller andre spesielle kjenneteikn for staden som pregar vår erindring eller identitet.

Byen skal vere ramme for sosiale og kulturelle prosessar. Ein ønskjer at byen skal vere vital, levande, kreativ og ein stad for fellesskap og mange tilbod for aktivitet. By- og gaterom som innbyr til oppleving og rørsle gjer noko med sansane våre og skapar identitet.

Kommunane har eit spesielt ansvar for det offentlege miljøet og byromma. På Nordfjordeid har kommunen gjort eit stort bymessig løft for å styrke Eidsgata og sentrumsområdet med nye tekniske anlegg, standardheving av gategolvet og markering av viktige stratigiske punkt i gatemiljøet.



Oppgradering av gatemiljøet i Eidsgata, der også detaljane viser identitet! Foto: GMS

Erfaringar frå byutvikling andre stadar i landet viser at dersom kommunen tek ansvar for byrom og eigne tomter og bygg, og har ein aktiv rolle i sentrums- og bygningsutvikling, vil dette ha smitteeffekt på private og næringsdrivande. Samstundes må kommunen vere bevisst på kva utvikling ein legg til rette for i andre sentrumsdelar og utkantsoner. Vil nyetableringar vere ein tilleggsressurs eller påverkar dette sentrumsområdet i negativ retning.

4.2 Utvikling og styrking av tettstadskvalitetane

Tettstaden Nordfjordeid har eit potensiale for vidare utvikling ved å styrke dei kvalitetane ein har, og ved å tilføre nye kvalitetar.

Kvalitetar:

- strandsitjarstad/bystruktur
- karakteristisk og historisk bygningsmiljø
- viktige historiske fornminne
- kulturlandskap
- Eidsgata - med oppgradert gategolv og plassar
- godt og variert tilbod av funksjonar og aktivitetar i sentrum
- sosiale møtestadar
- kontakt med fjorden

Utfordringar :

- løyse nye behov innanfor eksisterande strukturar
- Konkurransen mellom «ny» og «gammel» handelssentrum
- ta vare på og vidareutvikle det historiske bygningsmiljøet
- ta vare på kulturlandskapet i tettstaden

Aktuelle satsingsområde:

- binde saman funksjonar og aktivitetar mellom Eidsgata og langs fjorden.
- styrking av grøntområdet og fornminna
- punkt i tettstaden med viktige funksjonar eller opplevingar
- utvikling av bygningsmiljøet med omsyn til funksjonalitet, karakter og historisk lesbarhet.
- styrking av kontakten til fjorden ved ivaretaking av siktliner i gatestrukturen
- utvikling av tilkomst og samanhengande vandring langs fjorden.

Dei største strukturelle endringane av Nordfjordeid sentrum i seinare tid er nye veglinjer; på utfyllt areal langs fjorden og ny europaveg bak Eidsgata. Dette har blant anna medført til ei utbygging av større handelshus mot fjorden, som har utfordra eksistensen til dei eksisterande forretningane i Eidsgata.

Sentrumsområdet sitt tilhøve til landskapsrommet er både ein premiss og ein viktig ressurs for utvikling av Nordfjordeid sentrum. Sentrumsområdet er relativt avgrensa av eit område langs fjorden og E39, der bebyggelsen i hovudsak er konsentrert langs Sjøgata og Eidsgata – Osvegen.

4.3 Truslar og handlingsrom for bevaring av tettstadskvalitetane

Den største trusselen for dei fleste tettstadane er neglisjert vedlikehald av bygningar generelt og historiske bygningar og bygningsmiljø spesielt. For Nordfjordeid sentrum er bevaring og vedlikehald av kulturlandskapet og ein svært viktig del av den historiske identiteten. Det gamle bygningsmiljøet i Eidsgata og Tverrgata, saman med gravhaugane «Rundehågjen» og «Skjoratippen» treng eit grønt landskap som buffersone for å kunne vere «lesbar» i ein historisk kontekst. Ein skal difor vere varsam med å bygge tett på dette bygningsmiljøet.

Det vil difor vere spesielt viktig at kommunen finn gode verkemiddel som kan stimulere grunneigarane til å ta vare på bygningane sine. Dette er verkeleg ein av dei store utfordringane dersom ein skal klare å ta vare på historia og stadidentiteten.

Ein annan trussel for bevaring av tettstadsstrukturen er reguleringsendringar av tomter eller kvartal, som ikkje tek omsyn til den opphavlege skalaen og tettstadsstrukturen. I mange tilfelle vert reguleringsplanane vedteke med svært høg utnyttning og med for høge byggehøgder, noko som i enkelte tilfelle kan vere svært uheldig for bygningsmiljøet som det står i samanheng med. Det vil difor vere viktig å skissere ulike volummodellar ved byfornyng – sett i samanheng med ikringliggande bygningsmiljø. På denne måten kan ein få betre beslutningsprosessar – både i plan- og byggesak.

Ved full modernisering, der ein skiftar ut til ny kledning, nye vindauge, ny taktekking m.v., er det vanskeleg å sjå eller vurdere om dette er ein ny eller gammal bygning. Den ytre historiske karakteren og autensiteten er heilt borte. Den særskilte verneverdien som enkeltbygning vert redusert ved ei slik modernisering, men held fram som miljøobjekt.

4.5 Vernestrategi

I kommuneplan for Eid har ein ei målsetjing om å gjere kulturhistoria kjent for folk flest. Eid kommune har mange kulturminne som er viktig å ta vare på og gravhaugane og bygningsmiljøet i sentrum er ein viktig del av dette. I gjeldande reguleringsplanar for sentrumsområdet er bygningsmiljøet regulert til bevaring. Gravhaugane er automatisk freda. Reguleringsplanar legg føringar for kva bygningsmiljø som skal takast vare på og kva område ein ønskjer fortetting og ny utvikling. På utbyggingssida er det ofte mange aktørar som har planar om utvikling. Etter plan- og bygningslova har alle som er eigarar av eit hus ei generell plikt til å holde det ved like. For område som er underlagt vern er ein avhengig av den enkelte eigar si interesse og økonomiske evne, spesielt når det gjeld bygningar som bruksmessig ikkje har nokon funksjon lenger. Erfaringar frå mange andre kommunar tilseiar at kommunen sjølv må vere ein aktiv pådrivar og tilretteleggjar dersom ein skal få til bevaring og ny bruk/gjenbruk av eksisterande bygningsmasse. Slike strategiar bør vere ein viktig del forankra i reguleringsplan.

Eid kommune har gjort ein god del for å styrke og framheve bygningsmiljøet og kvalitetane i sentrum. Dette gjeld både reguleringsmessig, men og tiltak for oppgraderinga av Eidsgata, med fine materialkvalitetar og nye møteplassar og torg. Ved opprettinga av «Fagråd for Eidsgata/Tverrgata» har Eid kommune gjort eit strategisk grep for å ha eit rådgjevande organ som skal arbeide med bevaring og god utvikling av verneområda i sentrum.



Den nordlige delen av sentrum har eit historisk viktig vegsamband, som bind saman kyrkje, den gamle strandlinja (Eidsgata), strandsitjarstaden (området ved Tverrgata og sørover) og gardstuna på Myklebust, Jo-tunet og Wang-garden. Dette området bør ha ei buffersone der ein er varsam med nye tiltak og grøntpreget bør bevarast mest mogeleg.

4.5.1 Tilpassing til det historiske bygningsmiljøet


Utvikling av bygningsmiljøet krev klår og langsiktig strategi med konsekvent sakshandsaming i høve til kva del av det historiske miljøet som skal ivaretakast, og korleis dette skal gjerast. Delar av bygningsmiljøet må utskiftast. For å ivareta historisk «lesbarhet» må nybygg vere representantar for si tid. For å ivareta karakteren og den positive opplevinga av bygningsmiljøet, må ambisjonsnivået vere høgt både ved nybygg og bevaring.

For bygningar som skal fylle funksjonkrava for si tid er etterlikning av gamle arkitekturstilar krevjande og i mange tilfelle uråd. Etterlikning vil i mange tilfelle vere i direkte konflikt med funksjonskrav, forskriftskrav og tekniske krav. Det vil og medføre at ein lyt snu ryggen til dei moglegheitene for utvikling av byggeskikken som ligg i den tekniske utviklinga og i utviklinga av arkitekturen.

I tilpassingsarkitekturen, under målsetjing om å ivareta ein heilskap, er det ein fare for at autentiske bygg vert rivne eller rehabiliterte og "tilpassa" eksisterande bygg med bruk av moderne metodar, og nybygg vert oppført som dårlege etterlikningar etter gamle bygg. Etterkvart vil områda framstå som historisk uklåre og med bygningar av lav arkitektonisk kvalitet.

Vårt råd er å legge større vekt på arkitektonisk kvalitet ved rehabilitering og nybygg, og mindre fokus på etterlikning av gamle bygg. Det bør også leggjast strengare krav ved rehabilitering / restaurering for bygningar som har høg verneverdi. Det er viktig å ta vare på dei kvalitetane ein faktisk har, men vise interesse i ny kunnskap og impulsar utanfrå og tolke dette på ein måte som gjev kontinuitet i tettstadshistoria.

Dei fleste bygningane i Tverrgata er bustadeigedomar eller fritidshusvære. Nokre av bygningane er små og det kan vere nødvendig med ombyggingar eller utvidingar. Slike ombyggingar eller tilbygg bør løysast på ein beskjeden måte. Dei gamle uthusa kan her vere ein ressurs, då ein kan vurdere utviding av bustadarealet i desse bygningane, eventuelt med eit lett mellombygg. Dette gjev ein betre tilpassing til eksisterande bygningsstruktur.



Eksempel på tilbygg og rehabilitering, «Gamle Lærdalsøyri», Claus Lindstrøm.

4.5.2 Vern og bruk

Bakgården er ein ressurs som kan nyttast til aktivitet, næring eller opphald. For bustadeigedomane kan bakgården vere ein fin, skjerma uteplass. I vår tid står fritidsaktivitetar høgt i kurs, difor kan ein ikkje få nok bodplass. Her kjem uthusa til sin rett; med god plass til sykklar, ski, kjelke, akebrett, kajakk, barnevogn, grill og hagemøblar. Vil da ha ein gjengrodd bakgård eller ein hyggeleg oase – valet er ditt! I små tette miljø må ein ta omsyn til dei andre rundt deg når det gjeld gjerde og mellombygg, som til sjuande og sist kan øydelegge kvalitetane på naboeigedomen.



Øverst t.v.: Jan Eggum-konsert i «Bakgården», Arendal. T.h. Keramikkverkstad i bakgården på Røros.
Nederst t.v.: Opphaldsareal i bakgård. T.h. Bakgård Birkelunden i Oslo.



Det finst mange måtar ein kan la det blomstre i bakgården!
Frå bustadområde Malmø.

4.5.3 Tilpassa byggeskikk

Å skape ny, god arkitektur i eit historisk bygningsmiljø er ei krevande oppgåve. Det handlar om å vere forsiktig og dempa, samstundes som ein ønskjer å vise ein kontrast og ei ny tid. Å finne denne balansen kan vere ei utfordring. Det gode grepet, at ting fell på plass, at dette nye har tilført nye kvalitetar til området utan at dei gamle har blitt forringa. Bildeksempelen under viser eit vellukka eksempel på to nye bolighus i gamle Stavanger.



To hus på Sølvberget, Stavanger. Arkitektkontoret Helen & Hard.



Eit nytt element sett inn i eit historisk bygningsmiljø.
Her har vi samspel og kontrast.
Overbygd utsescene i Aasen-tunet, Ørsta.
Foto: GMS

4.5.4 Forsterke opplevinga

Å forsterke ei oppleving, vil seie å tilføre noko nytt som gjer det du har enda betre. Eit falleferdig hus eller ein overgrodd hage kan bli til noko fantastisk om du legg ned tid og ressursar til å setje det istand. Ein annan måte å forsterke ei oppleving er å tilføre noko som gjev ny identitet. Ein benk, ei fontene eller kunst er typiske element som kan ha ei positiv forsterking av eit bygningsmiljø.



Øverst: Kunst i Strangata, Florø. Nederst: Kunst i det freda bygningsmiljøet Parken, Høyanger. Foto: GMS


4.5.5 Kvalitet i detaljane

I bygningsdetaljane ligg mykje av historia til ein bygning. Dei fortel om kunstnerisk snekkerglede, handverkstradisjonar og bruk. Dei små detaljane fortel ein viktig del av bygningen si historie – og kvar enkelt element er viktig å ta vare på. For å tilfredsstille dagens behov er det ofte naudsynt å gjere tekniske forbetringar, spesielt i bustadhus. Ved ein slik rehabilitering er det viktig å berre skifte ut det som er strengt tatt nødvendig. Det fine listverket eller vindusomramminga fortel om handverkstradisjonar og arkitekturstil. Under den målingssletne kledningen kan det skjule seg gammal alfuru av beste kvalitet! Tenk nøye gjennom kva som vert skifta ut. Om noko må skiftast, så kan ein få laga kopiar av detaljane. Ikkje skift alle detaljar, men lat det stå att eit eksemplar som referanse for det opphavlege handverket.




T.v. Vestportalen i Urnes stavkyrkje er snart 900 år gammal og framleis like vakker. T.h. Smedarbeid, uthusdør i Solvorn. Foto: GMS

Kunnskapen om detaljane, materialkvalitet og utføringa i den eldre byggeskikken er dessverre ikkje godt nok verdsett lenger. Rett nok har det vore mykje gjenbruk og bygningar er sett saman på finurleg vis, men også dette fortel noko om nøysemd og utnytting av tilgjengelege ressursar. Dette er noko ein også bør ha med seg i eit miljøbevisst samfunn i dag; at vi tek vare på bygningane som ein ressurs.



Snitt gjennom uthusbygning, studentoppmåling Gamle Lærdalsøyri



Spennande detaljar i ny, moderne arkitektur, men kor lang levetid har det? Foto: GMS

4.6 Kjelder og litteratur

Stadanalyse for Nordfjordeid (Nordplan AS, 1996)

NRK Fylkesleksikon

Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga (www.sfj.no)

Gulatinget og Gulatingslova

Kulturhistorisk Vegbok Hordaland

Hus på Vestkysten gjennom 4000 år (Fortidsminneforeningen/Norsk Kulturråd)

Audun Hugelikssoen – frå kongens råd til galgen

Gravene ved Myklebostad paa Nordfjordeid (Bergen Museums Aarbog 1905)

Stølar og stølsdrift – I fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane (Reidulv Galv, 2009)


Destination Viking – Western Viking Route

Gamle Lærdalsøyri - Plan for vern, vedlikehald og forvaltning, Del 1 (Claus Lindstrøm/Inga Lindstrøm)

<http://www.nordfjordhistorie.no/info.php>

4.7 Vedlegg – SEFRAK-registreringar

SEFRAK-registreringane var ei landsomfattande registrering av alle bygningar bygd før år 1900. Årstalet er sett for å avgrense mengda av bygningar, men med fokus på den gamle trehusbebyggelsen i Norge. Registreringane vart utført i alle kommunane, organisert av Kulturavdelingane i fylkeskommunen. Sjølv registreringa gir ingen vernestatus, men peikar på at ein her har med eldre bygningar å gjere. Registreringane er ein generell bygningsbeskrivelse, der ein også prøvde å få mest mogeleg kulturhistorisk informasjon om byggemåte, flytting av bygning, eigarar m.v. Fleire kommunar har nytta registreringane til å lage heilskapelege kulturminneplanar for kommunen. Informasjonen er då evaluert og ein har fått vurdert verneverdien til enkeltbygningar og bygningsmiljø. I denne samanheng har bygningane fått ein verneklasse, der verneklasse A har høg verdi, verneklasse B har middels verdi medan verneklasse C har låg kulturhistorisk verdi. Bygningar bygd etter år 1900 kan og ha høg kulturhistorisk verdi – og blir ofte vurdert samstundes med SEFRAK-registreringane, for eksempel i plansamheng.



SEFRAK-registrerte bygningar innanfor Planområdet:

0. Eidsgata 34/36	GBNR 44/57	Vaskehus	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 84
1. Eidsgata 38	GBNR 44/37	Forretning/bustad	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 64
2.		Lagerbu	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 65
3.		Do/vaskehus(riven)	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 66
4. Eidsgata 40	GBNR 44/38	Bustad/Bakeri	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 70
5. Eidsgata 42	GBNR 44/35	Bustad/Bakeri/Pensjonat	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 96
6. Eidsgata 44	GBNR 44/187	Bustadhus/tannnlege	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 124
7. Tverrgata 2	GBNR 44/81	Bustad/skysstasjon/fengsel	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 56
Tverrgata 4	GBNR 44/500	Nytt hus	
8. Tverrgata 6	GBNR 44/104	Bustad	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 81
9.		Vedarhus	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 82
10. Tverrgata 8	GBNR 44/485	Bustad (nytt tilbygg) Lite uthus rive – ny garasje	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 62
Tverrgata 10	GBNR 44/184	Eldre hus rive etter brann.	
Tverrgata 12	GBNR 44/90	Nyare hus	
11. Tverrgata 14	GBNR 44/70	Bustad	SEFRAK nr. 1443 – 204 – 09
12.		Eldhus	SEFRAK nr. 1443 – 204 – 08
13.		Hønsarhus	SEFRAK nr. 1443 – 204 – 07
14. Tverrgata 16	GBNR 44/9/8	Bustad	SEFRAK nr. 1443 – 204 – 11
15. Tverrgata 1	GBNR 44/44	Bustad	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 55
16.		Uthus	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 54
17. Tverrgata 3	GBNR 44/1/11	Bustad	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 61
18.		Uthus	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 60
Tverrgata 5	GBNR 44/1/5	Nyare bustadhus (1961) Uthus (rive?)	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 58
19.			
20. Tverrgata 7	GBNR 44/1/2	Bustad (flytta hit 1935) Uthus (1935)	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 57
21. Tverrgata 9	GBNR 44/1/10	Bustad	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 63
22. Tverrgata 11	GBNR 44/577	Bustad Uthus (1925)	SEFRAK nr. 1443 – 205 – 59
23. Tverrgata 17A	GBNR 44/89	Bustad	SEFRAK nr. 1443 – 204 – 12

